



Saksframlegg

Områdereguleringsplan Raudbergvika landbasert oppdrett - Oversending for endeleg avgjerd

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
076/24	Kommunestyret	27.06.2024

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.06.2024	Akvakulturanlegg i Raudbergvika og Geiranger verdsarv-19.06.24	1443977
24.06.2024	2024-05-16 Protokoll frå meklingsmøte - Fjord kommune - Raudbergvika.pdf	1443978
24.06.2024	Vedlegg 11.13. Notat av 13.10.23, Raudbergvika - betydning for næringslivet og samfunnsmessig berekraft i Fjord kommune, kommunedirektør Arne Krohn	1443979
24.06.2024	Planomtale områdeplan Raudbergvika-Eidsdal, datert 19.10.23, rev 11.06.24	1443980
24.06.2024	KU - Raudbervika landbasert oppdrettsanlegg, rev. 11.06.24	1443981
24.06.2024	ROS-analyse Raudbergvika - Eidsdal, landbasert oppdrettsanlegg, rev. 30.05.24	1443982
24.06.2024	Vedlegg 11.2. Føresegner, rev. 11.06.24	1443983
24.06.2024	Vedlegg 4.1 Dokumentasjonsvedlegg søknad om landbasert oppdrettsanlegg, utarbeidd av Råndgivede biologer, datert 01.02.21	1443984
24.06.2024	Vedlegg 4.2 Modelling av vannutskiftning i Raudbergvika, datert 17.12.21, høy rensegrad	1443985
24.06.2024	Vedlegg 4.3 Modelling av vannutskiftning i Raudbergvika, datert 09.06.22, lav rensegrad	1443986
24.06.2024	Vedlegg 4.4 Kommentarer til modellgrunnlag og vurderinger av utslipp av næringsstoffer til Raudbergvika, notat datert 26.04.23	1443987
24.06.2024	Vedlegg 4.5 Forslag til Miljøovervåkingsplan utarbeidet av Akvaplan Niva AS og Marine Prospects AS, datert 26.04.23	1443988

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-2 og §12-12 vedtek Fjord kommune områdereguleringsplan for Raudbergvika landbasert oppdrett planID 202002 revidert 11.06.24.

Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal. Reguleringsplan for badeplass i Eidsdal vedtatt 19.10.95 blir oppheva. Reguleringsplan for Ytterdal vedtatt 14.06.93, får endra formål for deler av campingområdet, deler av landbruksområdet og for naustområdet i vest.

Vedtaket får ikkje rettsverknad før Departementet har handsama planforslaget jf. §12-13 om motsegnene skal takast til følgje.

Fjord kommune tek ikkje til følgje desse motsegnene:

Statsforvaltaren:

1. Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsverneområde Geiranger-Herdalen
2. Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad av økosystemet
3. Lokaliseringa av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden
4. Massehandtering må avklarast

Riksantikvaren:

5. Tiltaket er i konflikt med verdsarvverdiane. Verknadene for verdsarven vil bli betydelege, og det er i strid med dei internasjonale forplikingane som ligg i verdsarvstatusen

Direktoratet for mineralforvaltning:

6. Det er ikkje lagt til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar

Fjord kommune viser til at det har vore arbeidd grundig med å få til ei semje om imøtecoming av motsegnene gjennom heile prosessen frå varsel om oppstart til heilt fram til og med meklinga gjennom dialog- og samrådsmøter med Statsforvaltaren ved fleire anledningar, dialogmøte med Direktoratet for mineralforvaltning 15.02.24 og møte og synfaring med Riksantikvaren 28.02.24. Som går fram av meklingsprotokollen er det ikkje grunnlag for å finne semje på dei attsåande 6 motsegnene.

Kommunestyret 27.06.2024:

Kommunedirektøren opplyste om mottatt brev frå Miljødirektoratet datert 14.06.2024 (jpnr. 24/7351) og frå Havforskningsinstituttet datert 21.06.2024 (jpnr. 24/7595).

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

KS- 076/24 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-2 og §12-12 vedtek Fjord kommune områdereguleringsplan for Raudbergvika landbasert oppdrett planID 202002 revidert 11.06.24.

Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal. Reguleringsplan for badeplass i Eidsdal vedtatt 19.10.95 blir oppheva.

Reguleringsplan for Ytterdal vedtatt 14.06.93, får endra formål for deler av campingområdet, deler av landbruksområdet og for naustområdet i vest.

Vedtaket får ikkje rettsverknad før Departementet har handsama planforslaget jf. §12-13 om motsegnene skal takast til følgje.

Fjord kommune tek ikkje til følgje desse motsegnene:

Statsforvaltaren:

1. Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsverneområde Geiranger-Herdalen
2. Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad av økosystemet
3. Lokaliseringa av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden
4. Massehandtering må avklarast

Riksantikvaren:

5. Tiltaket er i konflikt med verdsarvverdiane. Verknadene for verdsarven vil bli betydelege, og det er i strid med dei internasjonale forpliktingane som ligg i verdsarvstatusen

Direktoratet for mineralforvaltning:

6. Det er ikkje lagt til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar

Fjord kommune viser til at det har vore arbeidd grundig med å få til ei semje om imøtecoming av motsegnene gjennom heile prosessen frå varsel om oppstart til heilt fram til og med meklinga gjennom dialog- og samrådsmøter med Statsforvaltaren ved fleire anledningar, dialogmøte med Direktoratet for mineralforvaltning 15.02.24 og møte og synfaring med Riksantikvaren 28.02.24. Som går fram av meklingsprotokollen er det ikkje grunnlag for å finne semje på dei attsåande 6 motsegnene.

Sakgrunnlag:

Etter sist behandling i kommunestyret (KS076/23) 09.11.23 har revidert planforslag for Raudbergvika Landbasert Oppdrett vore sendt til motsegnspartane for ny vurdering med oppmoding om trekking av motsegner. Ved oversending stod framleis 17 motsegner. Når alle svar frå motsegnspartane var mottatt sto berre 6 att, etter at Riksantikvaren kom inn i staden for fylkeskommunen, som dreier seg og om utslepp, verdsarv, mineralressursar, alternativsvurdering og massehandtering. Dialog med Direktoratet for mineralforvaltning vart oppretta for å kunne løyse denne motsegna før mekling, men krava frå Direktoratet kunne ikkje fullstendig imøtekomast. Med bakgrunn i dette ba kommunen om mekling hos Statsforvaltaren på samtlege attståande punkt frå Statsforvaltaren, Direktoratet for mineralforvaltning og Riksantikvaren.

Ved meklinga var forhåpningane for løysingar store når Statsforvaltaren sjølv, Else May Botten, innleia med at alle måtte ha noko å gje, men det viste seg at det framleis var lite vilje til å diskutere løysingar ved dei statlege etatane, og meklinga førte då naturlegvis ikkje fram. Likevel har diskusjonane meklinga, og ny informasjon kommunen sat att med etter, ført til endringar i planforslaget som i dag ligg til behandling. Det er mellom anna presisert informasjon etterlyst av direktoratet for mineralforvaltning, rapporten om konsekvensar for verdsarv er oppdatert i tillegg til plandokumenta sjølve. Ytterlegare informasjon frå meklingsmøtet finn ein i vedlegg "Protokoll frå meklingsmøte..." og skildring av endringane etter mekling i planbeskrivelsen.

Tabellen nedanfor viser saka si historikk og antatt framdrift, der det no berre står att eitt punkt som utgjer konklusjonen på reguleringsplanprosessen. Dette vil ved positivt vedtak i Departementet bety starten på vidare konsesjonssøknadsbehandling, detaljprosjektering og så vidare før ein etterkvart kan kome igang med førebuing av området.

Prosess	Når
Planinitiativ mottatt	11.06.2020
Oppstartsmøte	17.06.2020
Politisk behandling av planprogram	Juni 2021
Høyring av planprogram 6 veker	Juni - august 2021
Behandling av merknader	August-September 2021
Politisk vedtak av planprogram	Oktober 2021
Utarbeiding av reguleringsplan og KU	Sept - Nov 2021
1. gongs behandling: Politisk behandling av planforslag	November 2021
Høyring av planforslag 6 veker	Des - Jan 2022
Folkemøte	Januar 2022
Behandling av merknader, utgreiingar, medverknad	Jan 2022 - Apr 2023
2. gongs behandling: Politisk behandling før ny høyring	11.05.2023
2. gongs høyring	Mai-juli 2023
Behandling av merknader, revidering av planforslag	Juli-okt 2023
Behandling i nytt kommunestyre	09. nov 2023
Oppmoding om trekking av motsegner	Nov-januar 2024
Mekling	16. mai 2024
Politisk behandling etter mekling (vedtak)	20. juni 2024
Endeleg godkjenning i Departementet	2025

Gjennom reguleringsplanen skal prinsippa og rammene for fysiske tiltak, inngrep og arealbruk avklarast i forhold til samfunn, natur og miljø. Produksjonsomfang av smolt og laks blir regulert gjennom konsesjon, og utsløppsløyve vert fastsett av Statsforvaltar i påfølgjande prosessar, og er regulert gjennom forureiningslova. Parallelt pågår ei dispensasjonsbehandling der Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde har gitt dispensasjon for områdeplan Raudbergvika, med bakgrunn i verneområdeforskrifta § 3 første ledd punkt 1.3 bokstav l og ei vurdering om at planforslaget ikkje har forringande effekt på verdsarven med dei tilpassingane som er gjort i dei justerte planane – samt med dei krava som kan nedfellast reguleringsføresegner og konsesjonsbehandling. Vedtaket er påklaga av Statsforvaltaren, og sendt til Miljødirektoratet. Vedtak og vurdering frå Miljødirektoratet i brev av 14.06.2024 opphevar direktoratet Verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i Raudbergvika. Vedtaket frå direktoratet lyd:

«Miljødirektoratet opphevar Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen landskapsvernområde sitt vedtak 08.11.2023 og sender saka tilbake til ny handsaming etter forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Tiltaka utanfor verneområdet, er ikkje regulert av forskrift om vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde. Verneforskrifta gjeld heller ikkje for underjordiske tiltak som ikkje kan påverke landskapet innafor vernegrensa.

Verneforskrifta gjeld for tiltak under bakken innafor vernegrensa som kan påverke landskapet i verneområdet.

Miljødirektoratet ber Verneområdestyret om å gjere ei ny handsaming av søknaden kor dette og premissane i dette vedtaket blir lagt til grunn.»

Av vedtaket, og av naturmangfoldlova § 48 tredje ledd, ser vi at reguleringsplanen ikkje kan godkjennast før ny handsaming er gjort, då dispensasjonsvedtak etter naturmangfoldlova i hovudsak skal treffast først. I dette tilfellet vil vedtaket om godkjenning av reguleringsplan etter pbl § 12-2 først

bli rettskraftig ved godkjenning i Departementet, og nytt vedtak i Verneområdestyret vil skje i god tid før saka kjem til behandling der.

Ved denne oversendinga vil Departementet jf. §12-13 ta stilling til om motsegnene skal takast til følge eller ikkje. Etter mottak vil dei truleg så kome på synfaring og samle meir informasjon om saka før dei gjer sine egne vurderingar. Departementet kan godkjenne planen som den ligg, gjere endringar eller ta motsegnene til følge. Vedtaket i Departementet kan ikkje påklagast, og dette saksframlegget si behandling er derfor truleg siste steg i denne områdereguleringssaka for kommunen.

Saksopplysningar:

Planforslaget tek føre seg etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg i fjellhallar i Raudbergvika, med inntak av saltvatn i sør og utslepp i nord. Anlegget skal knytast til Eidsdal ved biltunnel, og mykje av transport til og frå skal skje sjøvegen. Planane har utvikla seg og blitt redusert i løpet av planprosessen basert på innspel og utgreiingar, og i forhold til planforslag frå tidlegare høyringsrundar er omfanget sterkt redusert. På bakkenivå i sjølve Raudbergvika inneheld planforslaget no minimale støttefunksjonar i form av administrasjonsbygg, mannskapsbygg, fôrlager, oksygenlagertankar, biogassanlegg, straumforsyningsanlegg, kaier og transportareal i tillegg til berganlegget for lakseoppdrett. Tidlegare har planane inkludert betydeleg større bygningsmasse i Raudbergvika inkl. smoltanlegg, samt stor sjøfylling, fryseri og foredlingsanlegg i Eidsdal, men desse tiltaka er tatt ut som følge av saka si kompleksitet og motsegner.

I tillegg til sjølve planforslaget med plankart, beskrivelse og føresegner følgjer ei mengd utgreiingar. Utgreiingsmengda er så stor at eit eige webhotell har måtte blitt bygga opp for å huse dei, og høyringspartane har hatt problem med å halde seg oppdatert i saka. Krava som er stilt til kunnskapsgrunnlag i denne planen kan liknast med om ein i same vedtak skulle behandle konsesjonssaka for anlegget. Det har sytt for eit særskildt solid grunnlag for å behandle det prinsipielle ved regulerings spørsmålet.

Vurderingane er knytt til mellom anna risiko og risikohandtering i anleggs- og driftsfase, vurderingar knytt til skred- og flodbølgefare, bergteknisk og geoteknisk vurdering, samfunnsøkonomisk analyse, konsekvensutgreiingar og vurderingar knytt til vatn og utslepp. Resultatet av dei vesentlege forbetringane som var gjort i planforslaget, omfattande utgreiingar, skildringar og tydeleggjingar har resultert i eit godt gjennomarbeidd planforslag. For detaljar rundt utgreiingane, vurderingane og endringane dei har ført til kan ein sjå vedleggsoversikta for å finne ønska rapport, eller lese oppsummeringa i planomtalen.

Oversikt over ståande motsegner etter endt mekling:

Statsforvaltaren har følgjande motsegn til planforslaget:

1. Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsverneområde Geiranger-Herdalen
2. Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad av økosystemet
3. Lokaliseringa av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden
4. Massehandtering må avklarast

Riksantikvaren har følgjande motsegn til planforslaget:

5. Tiltaket er i konflikt med verdsarvverdiane. Verknadene for verdsarven vil bli betydelege, og det er i strid med dei internasjonale forplikingane som ligg i verdsarvstatusen

Direktoratet for mineralforvaltning har følgjande motsegn til planforslaget:

6. Det er ikkje lagt til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar

Når det gjeld korleis innkomne uttaler til planforslaget og konsekvensane ved planforslaget har vore vurdert og vektlagt viser vi til planbeskrivelse, KU og tidlegare politisk behandla saksframlegg. Det er utfordrande å skulle oppsummere saka og konsekvensvurderingane i eitt saksframlegg, men nedanfor er dei mest relevante konsekvensane for hovudområda gjennomgått. For vidare detaljar om konsekvensvurderingar sjå vedlagte KU.

Konsekvenser for:

Miljø

Volumet på utsleppet som det ferdige anlegget vil generere vil vere stort, og har vore gjenstand for debatt. Der Statsforvaltar mellom anna i sitt høyringssvar meinte at utsleppet er for stort til å kunne plassere anlegget i Storfjorden, og i seinare har uttalt at ein heller vil ha det ut mot havet, meiner fleire av landet sine fremste fagmiljø at det er fullt mogleg å realisere anlegget som planlagt med gode resultat også for vasskvaliteten i fjorden. Statsforvaltaren meiner at Storfjorden er ein lite eigna resipient, medan oppsummeringa av rapportane tilseier at resipienten er godt eigna. Åkerblå ved Glindø (2021) seier også at at *“Utsleppet er ikkje innstengt bak nokon tersklar, men ligg i tilknytning til ein open og stor resipient der det er gode straum og utskiftingsforhold rundt utsleppspunktet.”*

Jamfør oppsummering i KU kan ein understreke følgjande:

- Det er eit stort fjordsystem med svært god resipientkapasitet
- Fjordsystemet er gjennomgåande djupt, med gode straum- og utskiftingsforhold, slik at næringsstoffa frå utsleppet ikkje er innstengt bak nokon tersklar.
- Kontinuerleg god tilføring av atlanterhavsvatn og gode utskiftingsforhold sikrar god oksygenmetning året rundt (målt til «meget god» og «god» på 400-670 meter i Storfjorden og Norddalsfjorden i 2018).
- Dominerande sterk vasstraum i nord-nordvestleg retning frå utsleppspunktet (bort frå Geirangerfjorden og Sunnlyvsfjorden)

Med tryggleik frå mellom anna moderne reinseteknologi, lokale forhold, trinnvis utbygging og tett miljøoppfølging ligg godt til rette for at anlegget kan plasserast i Raudbergvika som planlagt. Trinnvis utbygging med tett oppfølging sørger for at ein i sanntid og over tid kan overvåke verknadene i fjorden for kvart trinn før ein går vidare. Statsforvaltaren meiner at langtidsverknadane framleis er for usikre, medan fleire fagmiljø inkl COWI, DHI, Åkerblå, Rådgivende biologer, Akvaplan NIVA har vore involvert i vurderingane, og desse er no oppsumert av Marine Prospects som konkluderer med at *“... et omfattende faglig dokumentasjonsunderlag konkluderer med sannsynlighetsovervekt at vannforekomst vil opprettholde miljømål om minimum «god økologisk tilstand» og at utslippet ikke vil lede til betydelig eller irreversibel skade selv ved full kapasitet.”*

Tiltakshavar sin plan for overvåkning av miljøet er basert på ei trinnvis utbygging over 7 år. Etter 3 år vil anlegget vere på ⅓ kapasitet, altså ca 33 000 tonn per år, og på år 5 vil det bli oppskalert til 66 000 tonn. før det etter 7 år blir oppskalert til full kapasitet. Kjerna i løysingsforslaget for å handtere usikkerhet er derfor, i tillegg til modelleringane som viser at utsleppa vil vere godt innanfor fjorden si toleevne, at utslepp og effekt på resipienten kan målast og bekreftast å vere i samsvar med rapportar og analyser som tiltakshavar tidlegare har levert. Modellane kan i tillegg oppdaterast med ny data, og bli enda meir presise. Nøkkelen til denne løysinga er at drifta er avhengig av konsesjon og utsleppsløyve, og at tiltakshavar kan påleggast driftsavgrensing eller stans om det mot formodning skulle vise seg at toleevna til fjorden er lågare enn antatt. I tillegg har tiltakshavar vore på tilbodssida eksempelvis for reduksjon i storleik på første trinn, og introdusering av enda fleire trinn, men motsegnspartane har ikkje vore interessert i å diskutere løysingar.

Utsleppsvurderingane og modelleringane baserer seg på data frå mellom anna Havforskningsinstituttet og innhenta målingar. Rådgivende biologer beregna gjennom rapport 3299

(Vedlegg 4.1) utsleppet av nitrogen, fosfor og karbon på henholdsvis 20, 60 og 70%, og 4383, 458 og 4645 tonn. Etter at Statsforvaltaren påpeika moglege utfordringar med å oppnå modellert reinsegrad utarbeidde DHI seinare modelleringar med halv reinsegrad som framleis konkluderer med at resipienten framleis ikkje vil bli dårlegare enn god med dårleg reinsegrad og full utbygging.

Dokumentasjonsgrunnlaget og konklusjonane blir også støtta av fylkeskommunen si uavhengige vurdering. Om motsegna dei hadde knytt til utslepp i fjorden og mogleg drenering av grunnvatn i fjell seier fylkeskommunen om det reviderte forslaget: "Ut frå ei samla vurdering, synest det som at risikoen for redusert miljøkvalitet i dei aktuelle vassførekomstane er svært liten. Fylkeskommunedirektøren trekker derfor motsegn heimla i vassforskrifta." Det er ikkje knytt føresetnader for trekkinga.

Sjølv om tiltaket vil medføre klimagassutslepp i seg sjølv ser ein tiltaket som eit viktig bidrag til berekraftig utvikling av havbruksnæringa gjennom etablering av landbasert oppdrett på allereie berørt område utan nedbygging av natur, der heile verdikjeda frå rogn til ferdig måltid er lokalt plassert rundt Storfjorden. Planforslaget fører til redusert transportbehov for ei av Norges viktigaste næringar med kort veg mellom produksjon og foredling.

Det går også fram frå planomtalen at: *"Det kan også framstå som Statsforvaltaren viser større krav til dokumentasjon og stiller strengare krav til tryggleik i estimerteffekt/vurdering av konsekvensar i tilfelle for andre saker. Slik det kjem fram av dokumentasjonen, finst det ikkje noko fagleg grunn for å anta at kunnskapsgrunnlaget er mindre godt eller at usikkerheita er større for den omsøkte tillatinga samanlikna med den nylig tildelte tillatinga i Fensfjorden og Trondheimsleia, og prinsippet om lik behandling bør vere gjeldande."*

Med bakgrunn i manglande interesse frå regionale og statlige myndigheter til å diskutere løysingar er det framleis fleire tiltak som er aktuelle for å avbøte verknader eller redusere usikkerhet ved planforslaget, men som ikkje er tatt inn på dette stadiet. Dette inkluderer, men er ikkje avgrensa til, auke i antall utsleppspunkt, auke i antall trinn, reduksjon i første trinn og auke i tid mellom trinn.

Barn og unge

Planområdet i Raudbergvika har vore avstengt fram til i dag pga. gruverifta. Det har soleis ikkje vore nytta til friluftsliv eller som leike-/opphaldsplass for barn- og unge, og tiltak i Raudbergvika vil derfor ikkje medføre tap for barn og unge samanlikna med dagens situasjon.

I Eidsdal er det gjennomført barnetrakkundersøking. Resultatet er at planforslaget berre i liten grad har innverknad på dei positive registrerte punkta, der det først og fremst gjeld badeplassen som blir utilgjengelig i anleggsperioden. Badeplassen er i friluftsområdekartlegginga registrert som mykje brukt og viktig lokalt friluftsområde. Planen legg opp til at det i utgangspunktet ikkje skal gjerast tiltak på badeplassen og at denne blir reetablert dersom det blir nødvendig å gjere tiltak i området i anleggsperioden, det er i tillegg lagt inn krav om at badeplassen skal reetablerast før bruksløyve vert gitt for parkerings- og veganlegg jf. føresegnene punkt 6.2.5.

Folkehelse

Støy vil kunne vere ei utfordring i anleggsperioden, spesielt i Eidsdal. Campingområdet vil fungere som midlertidig riggområde og vil etter anleggstida tilretteleggast for naustformål. Støy frå sprenging vil vere størst i starten av drivinga, og anleggstrafikk vil truleg medføre støy- og støvulemper. For å bøte på desse utfordringane skal det lagast plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen, inkludert avbøtande tilak. I forhold til tidlegare planforslag er støykonsekvensane i Eidsdal, og også bekymringar for lukt, sterkt redusert grunna uttak av tiltaka sjøfylling og bygging av slakteri.

Beredskap

Planområdet ligg i faresone for fleire typar skred, og fjellskredrelatert flodbølge som følgje av skred frå Åkneset og Hegguraksla. I tillegg er det utsett for havnivåstigning og stormflo. Desse problemstillingane er handtert gjennom ROS-analyse, planbeskrivelse og føresegnar med utgreiingar, sikringstiltak og rekkefølgekrav.

Norconsult har konkludert med at det er mogleg å gjere sikringstiltak som gjer byggeområda trygge nok for det som no blir planlagt av fabrikkar og andre funksjonar over bakken, og at berganlegget også er ingeniørgeologisk gjennomførbart med tilstrekkeleg tryggleik. Norconsult har også utgreidd alle bygningsfunksjonar, definert verdi og tryggleiksklasse. Det står derimot att ein god del vurderingar som må gjerast i detaljprosjektering, mellom anna knytt til spenningsforhold i berget. Det kan bli nødvendig å endre orientering på tunnelane i anlegget basert på det ein lærer i detaljprosjekteringa. Derfor har ein laga ein plan med tilstrekkeleg fleksibilitet og friheit til justeringar under bakken for å kunne tilpasse anlegget faktiske bergforhold.

Det er fleire kritiske faktorar for risiko i driftsfasen for berganlegget, eksempelvis stopp i ventilasjonsluft, hendingar knytt til ammoniakk og utfordringar med brannrisiko knytt til elektriske køyretøy, transformatorar, oksygenproduksjon og -distribusjon. Dette er foreslått handtert gjennom utforming av anlegget og beredskapsplanar for å redusere risiko og konsekvens. Dei avdekte kritiske faktorane er alle mogleg å avbøte.

Når det gjeld flodbølgjefare og forholdet til dette baserer tiltakshavar seg på å bygge tilstrekkeleg trygt utan å nytte unntaksbestemmelsen for flodbølgjer (TEK17 §7-4), ved å halde berganlegget over kote 13 og utforme funksjonar i dagen i samsvar med krav til tryggleiksklasse S2. Det medfører mellom anna å begrense antall personar som oppheld seg per bygning til 25. Planen er å heve byggegrunn til kote 7 for å møte krav om byggesikker høgde for S2 (1/1000års sansyn) i Raudbergvika. Det er også krav til plastring av fyllingsfront og ellers at tiltaka skal tole utvasking frå ei ev. bølge. I tillegg vert det uavhengig av denne planen arbeidd med ei ny simulering av oppskyllingshøgder frå Åknes.

I følgje NVE, som har gjort eit studie sidan 2017, er det mogleg at ein med eit prosjekt for drenering av Åkneset vil kunne bremse utglidinga og redusere flodbølgjefaren ytterlegare. Prosjektet er kostnadsberekna til 300-350 millionar kr, og prosess for finansiering over statsbudsjettet er i gang men tidsperspektivet har vore ukjent. I mars 2023 kunne direktør i NVE, Brigt Samdal, opplyse at sikringsprosjektet då var i startgropa på prosjektering og at midlane til denne utgreiinga altså er på plass. Det er forventa å ta eit par år å få utgreidd alle detaljar, og Stortinget må deretter løyve pengane for sjølve tiltaket når den tid kjem. Det blir altså arbeidd aktivt med prosjektet, og NVE har varsla oppstart av reguleringsplanarbeid med høyingfrist 27.06.2024. Planarbeidet tek sikte på å etablere dreneringstunnellar inn under det ustabile fjellpartiet, som forøvrig faktisk er innanfor verdsarvområdet.

Kommunen sine planar og samfunnsutvikling

Eit eige vurderingsnotat (vedlagt) går i detalj på verknadane av planforslaget for kommunen, regionen og lokalsamfunnet, og skriv mellom anna. *“Fjord kommune har ein samfunnsdel som er utarbeidd etter grundig involvering av innbyggjarar, næringsliv mv. Resultatet har vorte ein samfunnsdel som peikar felles retning framover. No er ein usikker på om planen kan stå seg framover viss det ikkje blir opna opp for ei framtidretta utvikling av bygdene. Ei etablering i Raudbergvika vil verke inn på alle måla i samfunnsplanen, og vil kunne bidra til framtidstru og optimisme. Det er ein unik sjanse for Fjord kommune, som er i ein svært pressa situasjon – både demografisk, næringsmessig og økonomisk. At det ikkje blir etablering vil kunne føre til det motsette: pessimisme, frustrasjon over mulegheiter som glepp, vidare nedgang i folketal og kjensle av at heilskapen ikkje blir tillagt nok vekt.”*

Fjord kommune er ei kommune som er full av verneverdig natur, og er ei stolt verdarvkommune. Halvparten av kommunen sitt areal er verna. Planforslaget sine synlege tiltak er plassert i allerede berørte områder som ikkje er sett av til vern, og legg ikkje beslag på eller legg opp til nedbygging av urørte naturområder. Planen legg til rette for revegetering i fjellsidene i Raudbergvika for å dekke til såret i fjellsida frå dagbruddet. Det som skjer av tiltak innanfor verna område skal i heilskap skje under overflata utan påverknad på overflata. Planforslaget avvik ellers frå reguleringsplan i Eidsdal og kommuneplan gjennom å endre frå mineraluttak til næringsføremål i Raudbergvika og flytte fellesnaustfunksjon i Eidsdal. Den historiske naustrekka blir tatt i vare in-situ forutan eitt naust som skal flyttast nokre meter, sjå planomtale avsnitt 5.4.3 Bevaring kulturmiljø.

Lokalsamfunn

Notatet for vurdering av verknader for næringslivet og samfunnsmessig berekraft viser at lokalsamfunnet er under kraftig press, med ein dramatisk reduksjon i folketal på 600 innbyggjarar, altså heile 20%! Fleire uheldige faktorar spelar inn, men sentralt er ein mangel på arbeidsplassar som tiltrekker seg ungdom og unge familiar. Dette har ført til ei kraftig slagside i alderssamansetninga, med kraftig nedgang i innbyggjarar under 60 og kraftig auke i dei eldre gruppene. Figuren nedanfor viser aldersgruppene og dei dramastiske endringane, som fører til katastrofalt lave fødselstal, med berre 10 fødde i 2022 og 4 fødde første halvår 2023.

Fjord	2013	2018	2023	Endring 13-23
0-5 år	186	133	107	-79
6-15 år	392	343	275	-117
16-19 år	151	174	142	-9
20-24 år	155	127	142	-13
25-29 år	134	106	96	-38
30-49 år	644	586	498	-146
50-59 år	386	397	352	-34
60-66 år	246	234	280	34
67-69 år	75	87	92	17
70-79 år	226	258	303	77
80 år eller eldre	195	192	208	13

Den demografiske utviklinga fram mot 2040 er også dyster lesing, og vil ikkje forbetre seg utan kraftig endring som t.d. Raudbergvika kan bringe med seg.

Menon Economics har gjennomført ei analyse som konkluderer med at det landbaserte anlegget vil ha ein stor verdiskapingseffekt – både i anleggsfasen og i driftsfasen. Verdiskapinga vil etter Menon si analyse òg i stor grad kome lokale verksemder til gode. Prosjektet kjem til å bety mange nye arbeidsplassar i regionen. Og dette er ikkje noko vi berre set vår lit til og håpar på skal skje. Hofseth si satsing på smoltanlegget i Tafjord og samarbeidet med Stranda vidaregåande skule om å få på plass ny blå naturbruk-linje har allereie vist at næringa tiltrekk seg ungdom, så dette er definitivt ei næring for samfunnsmessig berekraft framover.

Innbyggjarane har først og fremst framvist entusiasme for planane, men det var også uttrykt noko skepsis til industriområdet som var planlagt i nærleik til sentrum i Eidsdal. Sidan dette var teke ut er også skepsisen so godt som forsvunne. I tillegg har enkelte innbyggjarar i Fjord kommune og Stranda vist bekymring for utsleppet og verknaden på verdsarven, men dette er godt ivaretatt gjennom utgreiingar, planutforming, rekkefølgekrav og vidare saksbehandling (t.d. konsesjon og utsleppsløyve) etter godkjenning av reguleringsplan. Elles er det naturlegvis bekymringar i lokalbefolkninga framleis knytt til støv- og støyproblematikk, auke i trafikk, utilgjengelighet av badeplassen o.l. som planforslaget også imøtekjem og informerer om konsekvensane av. Planforslaget er antatt å påvirke lokalsamfunnet på positiv måte gjennom tilflytting og tilførsel av

både sosial kapital og finansielle midlar til fordel for lokalsamfunnet både indirekte gjennom lokalt tilsette arbeidstakarar men også indirekte gjennom bedrifter som ønsker å gje tilbake til lokalsamfunnet gjennom t.d. støtte til lokale arrangement, idretts- og kulturlag. Dagens campingplass som i dag er leigd ut til private fast-camparar vil bli nedlagt som følgje av tiltaket. Dette medføre eit tap for eigar, leigetakarane, og til ein viss grad lokalmiljøet. Nyleg var det arrangert enda eit folkemøte i Eidsdal om prosjektet for å gje lokalbefolkninga tilgang til å få informasjon og spørre tiltakshavar og kommune.

På grunn av nedgangen i folketalet er det òg eit problem at bustadmarknaden ikkje fungerer. Marknadsverdien på eit nybygd hus er i beste fall halvparten av det det kostar å byggje. Satsinga til Hofseth i Raudbergvika vil gje eit løft òg for bustadmarknaden. Høgare etterspurnad etter bustader vil gje høgare verdi. Vi har fleire lokale bygg-, grunnarbeid-, VVS- og elektroentreprenørar som vil kunne nyte godt av at det vert større etterspurnad etter bustader, og dette vil i sin tur føre til fleire arbeidsplassar i denne bransjen.

Vidare skildrar vurderingsnotatet at Hofseth har, sidan dei tok over aktiviteten i Storfjorden, vist stort samfunnsansvar ved å vere sværtause i å støtte lokale frivillige lag og organisasjonar. Fritidsaktivitetar for unge, vaksne og gamle i Fjord skjer i svært stor grad i regi av idrettslag, korps, helselag, pensjonistlag og mange fleire. Den friville innsatsen i Fjord er formidabel, og er heilt avhengig av gode støttespelarar og bedrifter som tek stort samfunnsansvar slik som Hofseth gjer. Hofseth har i lang tid vist stor vilje og evne til å nytte seg av lokale leverandørar og bidra til lokal verdiskaping. I byggefasen vil det etterspørrast både underleveranser på bygging, handel, overnatting og servering.

Kulturminne

Planen inneheld bandleggingssone etter lov om kulturminne for Ytterdal I, bosetningsaktivitetsområde, med krav om arkeologisk utgraving før utbygging. Dette gjeld område heilt vest i Eidsdal, markert #1 på plankartet (sjå Regplan_vertiv2_Eidsdal). Området rundt er også sikra med omsynssone H730 og eventuelle tiltak innanfor området må godkjennast av antikvariatisk mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune. Påverknaden av fornminna kan sjåast som ein negativ konsekvens, men Universitetsmuseet i Bergen har i si uttale trekt fram at denne utgravinga vil gje verdifull informasjon og arkeologiske, vitenskaplege data. Dette gjeld i følgje museet heilt unik informasjon om menneska si tilpassingsevne i møte med flaum og skred, tidleg jordbruksbusetting i Eidsdal i tillegg til informasjon knytt spesifikt til garden Ytterdal.

Den historiske naustrekka langs vegen er verna med omsynssone H570 bevaring kulturmiljø, og restriksjonar på køyreveg (SKV) er lagt for å ta omsyn til naustrekka. Ved ei utviding av vegen er det krav om flytting av det søraustlegaste nauset gjennom rekkjefølgekrav i føresegnene.

Naturmangfald

Rådgivande biologer har vurdert konsekvensar for naturmangfold i Raudbergvika. I deira vurdering kjem det fram at etablering av dag-anlegget i Raudbergvika vil gje barriere for dyra sin ferdsel langs lisida, og auka støy og trafikk vil vere forstyrrande for både fugl og pattedyr. Samla konsekvens for naturmangfald er vurdert som middels negativ. Viser elles til detaljerte vurderingar i vedlagte konsekvensutgreiing.

Verdsarv og landskapsvern

For å få ei uavhengig vurdering av verknadane på verdsarven har Fjord kommune hyra inn Cowi. Det anerkjente konsultentselskapet leverte eit solid nybrottsarbeid på den nyleg publiserte KUVA-metodikken i 2023 og har no levert ein revidert versjon av rapporten (datert 07.06.2024) som tek stilling til ny informasjon om Raudbergvika. Dei aller fleste og dei mest sentrale vurderingskriteria er redusert til "noko negativ" påverknad. Likevel er hovudkonklusjonen "Betydeleg miljøskade" på grunn av det store uttaket av massar frå fjellet. Mineralførekomstar vil bli påverka i store delar av

utstrekninga av planområdet fra Raudbergvika til Eidsdal, og det ligg i stor grad innanfor avgrensinga av verdsarven, og har blitt sett til "betydeleg" på grunn av volumet som skal takast ut. Tabellen nedanfor er henta frå den uavhengige KUVA-rapporten og viser konklusjonane på dei ulike delområda når det gjeld konsekvensane som tiltaket samla sett vil få på verdsarven samanlikna med 0-alternativet som er å restaurere arealet.

Definisjon av skala for vurdering av konsekvensar for verdsarvverdiane:

Skala	Skildring (Samanlikna med nullalternativet)
Svært alvorleg miljøskade (----)	Dei mest alvorlege miljøskadane som kan koma fram for området. Gjeld berre områder med stor eller svært stor verdi.
Alvorleg miljøskade (---)	Alvorleg miljøskade for området.
Betydeleg miljøskade (--)	Vesentleg miljøskade for området.
Noko miljøskade (-)	Noko miljøskade for området.
Ubetydeleg miljøskade (0)	Ingen eller liten miljøskade for området.
Noko miljøforbetring (+) / Betydeleg miljøforbetring (++)	Miljøgevinst for området. Noko betring (+) eller monaleg betring (++) .
Stor miljøforbetring (+++) / Svært stor miljøforbetring (++++)	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbetring. Skal i hovudsak brukast der delområde med liten eller noko verdi får ei svært stor auke i verdi, for det aktuelle fagtemaet, som fylgje av tiltaket.

Resultatet frå COWI si utgreiing av konsekvensar for verdsarvverdiane

	Alternativ 0	Alternativ 1
Landskapet	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Geologiske prosessar	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Friluftsliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Reiseliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Geologisk mangfald og geotopar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Marint naturmangfald	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Naturmangfald på land	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Kulturmiljø og kulturminne	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)

Som oppsummeringstabellen syner vil tiltaket slik det var skildra ifm. COWI si vurdering kunne føre til negativ innverknad på verdsarven. I førre runde var vurderinga at planforslaget ville få "betydeleg miljøskade" for landskap, geologiske prosessar, geologisk mangfald/geotopar, marint naturmangfald og kulturmiljø/kulturminne. Dette redusert til "noko miljøskade" etter COWI tok ein gjennomgang av dei oppdaterte plandokumenta og utgreiingane som er gjort sidan sist.

Mellom anna har Cowi tidlegare problematisert forhold knytt til innlekkasje i tunnellar, drenering av overflatevatn, usikkerhet knytt til tåleevne for fjorden. Utgreiingar og notat frå t.d. åkerblå, dhi og Norconsult tilbakeviser i stor grad dette. Denne informasjonen er no tatt inn i rapporten og såleis er mange av usikkerheitsmomenta som tidlegare låg til grunn for bekymringar for betydeleg negativ verknad på verdsarven tatt bort. Konklusjonen på rapporten, altså samla konsekvensgrad, er framleis

sett til betydeleg miljøskade ettersom det er verste konsekvens som bestemmer, men konsekvensane for kvart delområde er kraftig redusert. Det er slik at ingen miljøskade er ønskjeleg. Det er nødvendig å sjå kva miljøskade det konkret er snakk om, så konklusjonane og kva som ligg bak dei må ein dekonstruere og vurdere kvar for seg.

Denne analysen har derimot ikkje tatt innover seg konklusjonane i dei konkrete vurderingane Miljødirektoratet no har gjort, som talar for at konsekvensane er enda mindre enn det som kjem fram i KUVA.

I forarbeida til naturmangfaldlova Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) kap. 11.8.15.4 går det fram at:

"Vernegrensen skal være entydig, og vernevedtaket gjelder ikke utenfor dets geografiske avgrensing. Således regulerer verneforskriftene aktivitet innenfor verneområdet, mens aktivitet utenfor verneområdene reguleres av plan- og bygningsloven og sektorlover."

Tiltak utanfor vernegrensa har moglegheit til å påverke naturverdiane i verneområdet. Søknad om etablering av slikt tiltak skal vurderast etter §49 med slik lyd:

"Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6."

Dette inneber at kommunen i handsaming av reguleringsplan, skal legge vekt på omsynet til verneverdiane i verneområdet i vurderinga om løyve bør verte gitt og ved fastsetting av vilkår.

Geologiske prosessar og geomorfologi er nemnt av fleire høyringspartar som eit område der prosjektet kan skade verdsarvverdiane gjennom uttak av masser. Kommunen finn det derfor nødvendig å gå tilbake til innskrivingskriterie og grunnlaget for verdsarven før ein bedømmer dette. I dei tilfella det er nemnt geologiske fagbegrep er desse siktande til overflatefenomen, eksempelvis is- og bølgeslipte overflater, eksponerte tredimensjonale snitt, spor etter landheving og liknande. Ikkje på noko punkt har det lukkast kommunen å finne at masser djupt under overflata er omtala som verdsarvverdi, sjølv om IUCN no har forsøkt å strekke seg dit. Etableringa av anlegget vil føre til uttak av masser under verdsarvområdet, men vil ikkje påverke dei ytre geologiske prosessane som ligg til grunn for verneverdiane.

Riksantikvaren skildrar planforslaget som storskala industriell aktivitet i innfallsporten til verdsarvområdet, men realiteten er at all synlig aktivitet skjer på utsida av verdsarvområdet der Raudbergvika spesifikt er halde utanfor på bakgrunn av at området både ikkje fortente verdsarvstatus og at ein skulle kunne halde fram med næringsaktivitet her. I tillegg må ein nevne at der ikkje er vedtatt noko buffersone her. Rapporten viser at verknadane på verdsarvverdiane er kraftig redusert i frå tida då Statsforvaltaren og Riksantikvaren nytta KUVA-rapporten til å grunngje sine motsegner knytt til verdsarv. Figuren nedanfor viser verdsarv- og landskapsvernområdegrensa i mørk grøn, og tiltak i dagen i lys grøn. Det er tydeleg at ein her befinn seg på utsida av verdsarvområdet når det gjeld synlege tiltak.

I vurderingar frå Unesco og IUCN viser at dei rår til ei restaurering av gruveområdet heller enn etablering av ny verksemd.

Føremålet med vernet av Geiranger Herdalen landskapsvernområde er å ivareta fjord- og fjellandskapet med landformar, kulturlandskap og dei særprega som landskapet elles har. Verneføremålet å ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, dreier seg om å ta vare på geologiske førekomstar som ein del av landskapet og landformar.

I forarbeida til naturmangfaldlova er det i merknadene til § 49 vist til kva verknader tiltak utanfor kan gi i eit verneområdet og som blir ein § 49-sak:

"Bestemmelsen gjelder kun for tiltak som skjer utenfor verneområdet, men som kan ha negativ effekt på verneverdiene innenfor området, f.eks. gjennom forurensing, endring i vannstand, drenering eller ved retningsendring av vassdrag."

I si vurdering i brev med vedtak i klagesak skriv Miljødirektoratet:

I førarbeida til verneområdet, foredraget til kongeleg resolusjon 8. oktober 2004, er vurderingar om verneverdiane, vernereglane og avgrensinga av verneområde nærare omtalt. Det er her vist til at det vert drive utvinning av olivin i Raudbergvika nordvest for landskapsvernområdet. Vidare er det vist til at dagens aktivitet kan halde fram som før, og at det er mogleg med underjordisk drift i verneområdet, mens dagbrot inne i verneområdet vil kunne vere i strid med verneføremålet. Etter ei vurdering av konsekvensar for bergverksdrifta, blei det vurdert at det kunne vere aktuelt med underjordisk drift og i vernereglane er det i § 3 punkt 1.3 bokstav l) er det opna for å gi løyve til prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet. Det er ikkje opne for bergverksdrift eller uttak av massar i samband med dette. Miljødirektoratet forstår dette slik at det ikkje er gitt reglar om uttak av massar fordi vernereglane ikkje er til hinder for slike tiltak langt under bakken som ikkje har påverknad på landskapet.

Dei tiltak som kan ha påverknad på overflata er altså dei som er relevante å vurdere for landskapsvernområdet og dei landskapsrelaterte verneverdiane som ligg til grunn for verdsarven. Det er gjennomført ein planprosess på godt over 4 år og fleire høyringsrundar, dialog og møter med sektormynder i tillegg til breitt omfamnande, omfattande og detaljerte utgreiingar. Einaste effekten som er avdekt å kunne ha innverknad på overflata og landskapet innanfor verneområdet er ei potensiell auke i drenering av grunnvatn som følgje av påtreff av vannførande sprekker under tunelldrivinga og manglande tetting av desse. Tidlegare har det vore påstått at det ikkje er mogleg å tette, men dette er seinare tilbakevist og svart ut av vurderingar gjort av Norconsult. Desse fakta er seinare vurdert av Cowi og inkludert i KUVA. Tettleikskrav for tunnell og fjellanlegget er sikra gjennom rekkefølgeføresegn.

Under departementet si vurdering i Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) punkt 11.8.4.4 går det fram at landskapsvern skal ivareta dei større trekka i landskapet, og skal vere ein mild vernekategori der pågåande aktivitet i all hovudsak skal kunne fortsette. Typiske landskapstrekk kan f.eks. vere kvartærgeologiske landskapsformer, kystlandskap, vestlandskapslandskap, samisk kulturlandskap, eller jordbrukets kulturlandskap. I motsetning til vern av nasjonalparker er landskapsvern ikkje avgrensa til naturlandskap, og det er ikkje eit krav om at området er tilnærma fritt for tyngre, tekniske inngrep slik det er for nasjonalparker.

Artsdatabanken har i naturbeskrivelsesverktøyet Natur i Norge (NiN) [definert landskapstype](#) som «større geografisk område med enhetlig visuelt preg, skapt av enhetlig dominans av store landformer og kjennetegnet ved karakteristisk fordeling av landformer, natursystemkomplekser, natursystemer og andre landskapselementer.» Landskapstypene baserer seg på variasjonen i generelle og observerbare trekk i landskapet, jf. heftet "NiN landskapstyper - En kort innføring" (Trond Simensen, Lars Erikstad og Rune Halvorsen)

Miljødirektoratet konstaterer at landskapet som er verna er i hovudsak landskapsverdiane over bakken og landskapsformar, jf. korleis eit landskap blir definert, og at forskrifta ikkje trekker ei absolutt grense for kor langt ned vernet går. Konklusjonen til Miljødirektoratet er at forskrifta gjeld dei tiltak under bakken som kan verke inn på landskapet, og viser til samsvar med liknande spørsmål om eigedomsretten si utstrekning oppover i luftrommet (HR-2022-993-A). Høyesterett vurderte det slik at eigedomsretten si utstrekning var avhengig av kor høgt grunneigar har interesse i å utnytte eigedommen. Miljødirektoratet meiner derfor at verneforskrifta gjeld verksemd og tiltak under grunnen som kan påverke landskapet og verneverdiane.

Trafikk

Utbygger estimerer at om lag 20 % av arbeidsstokken kjem med eigen bil til Eidsdal, dvs. om lag 40 personar. Varetransport vil kunne fordele seg utover dagen. Som samanlikning kan ein nemne at trafikkmengda i Eidsdalsgata utgjer ein ÅDT=900 (årsdøgntrafikk, passeringar per døgn gjennomsnittleg over ett år), derav ferjetrafikk ÅDT=520 i følgje vegkart til Statens vegvesen 2022. I

Ytterdalsgata mot Norrdal er ÅDT=320. Det betyr noko auke i trafikk på Eidsdalsvegen i sentrum, det finst ikkje ÅDT-data for Ytterdalsgata vest for Eidsdal sentrum men tiltaket medfører utvilsomt betydeleg auke, truleg på fleire hundre prosent og betydeleg med tungtransport spesielt i anleggsperioden. Arbeidstrafikk til/frå anlegget i Raudbergvika, vil i turistsesongen truleg medføre korte periodar med kø-problem på morgon og ettermiddag. Resten av året er trafikken vurdert å vere uproblematisk. Utbyggar melder at det blir gjennomsnittleg 6-7 båtanløp pr dag i Raudbergvika.

Ikkje-prisette verknader

Utsnitt frå konsekvensutgreiinga (punkt 5.7 s.50) viser at tiltaket er anslått til å gje netto klart positiv noverdi i prissett samfunnsøkonomisk verknad og truleg netto negativ ikkje-prissett verknad.

Motsegner

Fylkeskommunen

Om motsegna knytt til utslepp i fjorden og mogleg drenering av grunnvatn i fjell seier no fylkeskommunen: "Ut frå ei samla vurdering, synest det som at risikoen for redusert miljøkvalitet i dei aktuelle vassførekomstane er svært liten. Fylkeskommunedirektøren trekker derfor motsegn heimla i vassforskrifta." Det er ikkje knytt føresetnader for trekkinga.

Fylkeskommunen trekte også verdsarv-motsegna, utan forutsetningar.

Kommunen sin kommentar: Motsegnene er trekt og krev ikkje endringar i planforslaget.

Mattilsynet

"Som følge av dei nye opplysningane om metodar for å stoppe utlekking av vatn, er det ikkje lenger grunnlag for å oppretthalde vår motsegn knytt til drikkevassomsynet. Under føresetnad av at metodar for å stoppe utlekking av vatn som hindrar vidare drenering vert nytta, er vår motsegn å sjå på som løyst. I samband med dette minner vi om kommunen sine plikter i drikkevassforskrifta § 26"

Kommunen sin kommentar: Planforslaget legg opp til sikring av tetthet i fjellhallar og tunnell som hindrar drenering og øydeleggande effekt på drikkevatt.

Direktoratet for mineralforvaltning

"Konsekvensutgreiinga må innehalde ei tydelegare utgreiing av i kor stor grad tiltaket har innverknad på og omfattar viktige mineralressursar. Samtidig må føreseigna for berekraftig handtering av mineralressursar sikre ei effektiv utnytting" Under dette har dei gjennom vidare dialog konkretisert at det gjeld dokumentasjon på førekomsten i heile området, konkret plan for massehandtering, sikring av ressursen og utnyttinga gjennom føreseigner og ei oppdatering av plandokumenta inkl KU.

Kommunen sin kommentar: Planforslaget er justert og supplert for å betre svare ut bekymringane til DMF, men planforslaget tek ikkje sikte på å gjere komplett utgreiing av mineralressursane for heile området i den skala som er nødvendig for å imøtekomme DMF, ettersom intensjonen ikkje er mineraluttak men å klargjere for næringsføremål.

NVE

"NVE trekker motsegner til områderegulering for Raudbergvika landbasert oppdrett – World Heritage Salmon. Trekking av motsegner føreset at Fjord kommune følgjer opp våre merknader med endringar i plandokumenta før slutthandsaming. Føresetnadane er gjort greie for under merknader i dette brevet."

Føresetnadane for trekkinga av motsegnene kan oppsummerast slik:

- Føresetnad om at også fjellhallane blir eintydig plassert i ein tryggleiksklasse etter TEK17 § 7-3.
- Føresegnene må setje eintydige krav om at planlagde fjellhallar skal etablerast på minimum kote + 13 m.

- Tiltak som ikkje har dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred i samsvar med krava i TEK17 § 7-3, må fremjast som tiltak etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4.
- motsegn til planen med grunnlag om manglande eintydig framstilling om vilkåra etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4 med føresetnad om at plandokumenta vert endra og planvedtak er tydeleg ved slutthandsaming av planen

Kommunen sin kommentar: Fjellhallane er no eintydig plassert, krav om minimum kote 13 er inkludert, unntaksregelen er ikkje aktuell og plandokumenta er elles tydelege i forhold til det NVE etterspør.

Statsforvaltaren

- Planen må ta inn igjen vurderingane knytt til kaiene etter unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4.
- Dersom brakkene skal plasserast i Raudbergvika må planen sikre at dei plasserast tilstrekkeleg trygt mot skredfare, jf. TEK17 § 7-3.
- Krav om innlekkasjeprosent må avklarast ved regulering i denne saka, slik at tiltakshavar forpliktar seg til å iverksette tiltak.

Kommunen sin kommentar: TEK17 § 7-4 skal ikkje nyttast, plassering av brakker i Raudbergvika er avklart for S2, krav som stetter grenseverdi for innlekkasje, samt strategi for deteksjon av lekkasje er tatt inn i føresegnene punkt 6.1.2.

Saksvurdering:

Med bakgrunn i at ny handsaming av dispensasjonssøknaden i Verneområdestyret vil skje i god tid før behandling i Departementet, og at det ser ut til at det igjen vil ende med innvilga dispensasjon, ser vi grunnlag for å kunne behandle reguleringsspørsmålet og oversending til Departementet, utan å vente til det nye dispensasjonsvedtaket etter naturmangfoldlova §48 ligg føre. Kommunen si vurdering baserer seg på positivt vedtak om dispensasjon etter § 48 i Verneområdestyret, som truleg vil føreligge i første halvdel av juli 2024.

Kommunen vektlegg verdsarven tungt, og er stolt av å kalle seg ei verdsarvkommune. Derfor tillegg kommunen stor vekt til uttalene frå Unesco/IUCN, og innhenta uavhengig konsekvensvurdering for verdsarv. Kommunen skal, også i denne saka, sørge for framifrå forvaltning av verdsarvverdiane. Det same gjeld fjordane våre, som vi har vore avhengige av sidan det først etablerte seg menneske her. Fjord kommune har sitt navn frå sin avhengighet og samspel med fjorden, i det ligg det stort ansvar og respekt for å ta vare på fjorden, derfor vektlegg vi også særst tungt miljøaspektet i fjorden. Utsleppet er stort, men når landets leiande fagmiljø konkluderer med sannsynlighetsovervekt for at vannforekomst vil opprettholde miljømål om minimum «god økologisk tilstand» og at utsleppet ikkje vil føre til betydeleg eller irreversibel skade sjølv ved full kapasitet, så ser vi det som tilstrekkeleg for å kunne godkjenne reguleringsplanen med dei krav som ligg til vidare konsesjonsebehandling, trinnvis oppbygging og miljøoppfølging.

Verdsarv

Den reviderte KUVA-rapporten gjev godt grunnlag for å vurdere verknadene på verdsarven på nytt, men vi ser det nødvendig å presisere nokre punkt og belyse eigne vurderingar knytt til underkonklusjonane på dei enkelte undertema.

6.1.1 Landskap

Under konklusjonen til landskap finn vi at tiltaket ikkje vil endre landskapet i Raudbergvika, og heller ikkje i Eidsdal, forutan tunnellini-slaget. Kvifor det då er konkludert med “Noko miljøskade (-)” på landskap knytt til verdsarvverdiane er derfor uklart, men at det er minimalt med negativ påverknad på verdsarven er heilt klart.

6.1.2 Geologiske prosessar

Bakgrunnen for at undertema geologiske prosessar er vurdert til “Noko miljøskade (-)” er det store uttaket av massar og at det er eit ikkje-reversibelt inngrep innanfor verdsarvområdet. At det er eit stort uttak av masser og ikkje-reversibelt er vi samde i, men korleis det påverkar dei aktive geologiske prosessane på overflata som ligg til grunn for innskrivinga er ikkje forklart i rapporten. Uttaket av massar er grunnlag for vurdering under punkt 6.3.1 Geologisk mangfald og geotopar, og høyrer etter vår meining ikkje heime under Geologiske prosessar. Vi ser det derfor som at punkt geologiske prosessar sin konklusjon bygg på feil argument, og vi ser ikkje grunnlag for vurderinga av negativ verknad på verdsarven sine geologiske prosessar her.

6.2.1 Friluftsliv

Midlertidig tap av badeplassen i Eidsdal er grunnlaget for “Noko miljøskade (-)” for friluftsliv, i tillegg til støy. Derimot vil tiltaket ikkje ha negativ effekt for friluftslivet etter at anleggsperioden er ferdig og badeplassen reetablert jf. rekkefølgeføresegner. Her har vi ingenting å utsette på vurderingane, og dei negative verknadane er relativt små og tidsavgrensa.

6.2.2 Reiseliv

I likheit med Friluftsliv er følgene for Reiselivet etter anleggsperioden vurdert til å vere utan negativ konsekvens. I anleggsperioden vil Eidsdal vere noko påverka, medan aktiviteten i Raudbergvika ikkje er forventa å ha nokon konsekvens verken i anleggsfasen eller driftsfase.

6.3.1 Geologisk mangfald og geotopar

Vurderinga er sett til “Betydeleg miljøskade (--)” på bakgrunn av storleiken på uttaket, og at ein del av volumet omfattar peridotitt. At det er vanskeleg å konkludere på “Noko miljøskade (-)” med tanke på volumet som skal takast ut har vi forståelse for, men når det kjem til reell påverknad på innskrivingsverdiane ser vi også her at påverknaden på dei reelle verdiane som låg til grunn for innskrivinga er små.

6.3.2 Marint mangfald

Det er konkludert med “Noko miljøskade (-)” med bakgrunn i usikkerhet knytt til vurderingane, og at auka næringsinnhald i fjorden kan føre til eksalerande utfordringar og ei restaureringstid vil vere svært lang. Kommunen har tidlegare delt bekymringa for toleevna for fjorden vår, men no etter fleire år med utgreiingar og med det noverande dokumentasjonsgrunnlaget som tilseier at dette går godt så ser vi meir positivt på saka. Det er framleis restusikkerheit att, men denne er godt tatt hand om i den følgjande konsesjonsbehandlinga og trinnvise oppbygginga med nøye miljøoppfølging, og vil sørge for at det ikkje blir eksalerande utfordringar.

6.3.3 Terrestrisk mangfald

Tiltaket i Raudbergvika vil i nokon grad kunne påverke fauna i verdsarven, særleg i hekke- og yngletida, “Noko miljøskade (-)”.

6.4 Kulturmiljø og kulturminne

Med bakgrunn i at tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne ID283922 og uttale frå Universitetsmuseet i Bergen landar vurderinga på “Noko miljøskade (-)”. Det som ikkje kjem fram i rapporten er at uttale frå Universitetsmuseet i Bergen tel positivt, ettersom dei understreker den store verdien ei utgraving vil ha, framfor å problematisere at kulturminnet vert berørt.

6.7 Lokalsamfunn/samfunnsverknader

Konsekvensen er satt til «stor positiv « (+++) som følgje av at det er reknar med at tiltaket vil få ein positiv effekt på lokalsamfunnet med fleire arbeidsplassar og mogleg tilflytting til Eidsdal. Vi ønskjer å presisere at dei positive effektane, inkl tilflytting vil strekke seg langt utanfor både Eidsdal og Fjord kommune, til heile regionen og truleg nasjonalt.

Til slutt må ein igjen understreke at Raudbergvika er utanfor verdsarvområdet, og at det ikkje finst noko buffersone utanfor vernegrensa. Det som er innanfor verdsarven er verdsarv, og det som er

utanfor er ikkje. Likevel har aktivitet utanfor verdsarvområde moglegheita til å kunne påverke verdsarvverdiar på innsida. Konklusjonen er derimot at ein i dette tilfellet ikkje påverkar verdsarvverdiene i tilstrekkeleg grad til å kunne forsvare ei motsegn.

Vurderingane og vedtaket frå Miljødirektoratet støttar også oppunder kommunen sine vurderingar og det er ført fram at kommunen vurderer påverknaden på landskapsvernområdet korrekt. Det følger av dette at tiltaka under bakken ikkje påverkar verneverdiene med mindre dei har effekt på overflata. Verdsarvverdiene må kunne seiast å vere samanfallande med landskapsvernverdiene, i det at landskapsvernområdet var grunnlag for innskriving på verdsarvlista, og dei begge dreier seg om overflatefenomen, forutan under overflata i fjorden.

Massehandtering

Masseuttaket er stort, men massene skal ikkje dumpast i fjorden uvetting i Raudbergvika, Eidsdal eller andre stader. Reguleringsplanen sikrar gjennom rekkefølgjekrav at massene vert nytta til godkjente prosjekt gjennom krav til massehanderingsplanen, og ein ser det ikkje rimeleg at ei motsegn skal kunne stå fram til avtalar er inngått for kvar kubikk masse som skal takast ut.

Vurdering etter naturmangfoldloven §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Tiltakshavar har gjennomført omfattande kartleggingar og utgreiingar for å sikre at tiltaket vert gjennomført med tilstrekkeleg kunnskap om påverknad på naturmangfaldet.

Dette inkluderer utgreiingar som er gjort av Rådgivende biologer, DHI, Akvaplan niva, Norconsult, Cowi og andre fagmiljø. Kunnskapsgrunnlaget **vurderast som tilstrekkeleg** for å kunne fatte vedtak i områdereguleringsplansaka i samsvar med naturmangfoldlova § 8.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Prinsippet etter § 9 skal leggast til grunn der det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskap. I denne saka må det med grunnlag i dei nemnde utgreiingar nødvendigvis understrekast at **kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg** for å treffe vedtak i områdereguleringsplanen. Spesielt knytta til at den rest-usikkerhet som framleis eksisterer er tilfredsstillande handtert gjennom godt planhandverk t.d. med trinnvis utbygging, miljøkrav knytt til utslepp og tettleikskrav for fjellhallar og tunellar.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Ved vurdering av den samla belastninga, jf. naturmangfoldloven § 10, vert det lagt til grunn at tiltaket i Raudbergvika har minimal innverknad på økosystem på land synleggjort i vurderingar i den uavhengige KUVA-analysen. I sjø er hovudbekymringa knytt til utslepp av næringsstoff som kan påverke vasskvaliteten. Modelleringar og vurderingar utført av leiande fagmiljø, indikerer at sjølv ved full utbygging og drift vil fjorden kunne oppretthalde god økologisk tilstand. Straum- og utskiftingsforholda i fjorden er vurdert som gunstige for å handtere dei planlagde utsleppa, og det ikkje er venta at dette vil føre til langvarige eller irreversible skadar på økosystema. Ei trinnvis utbygging med tett oppfølging sikrar at tiltaket kan tilpassast eller avgrensa gjennom konsesjonordninga eller forureiningslova dersom det, i motsetning det kunnskapsgrunnlaget viser, skulle vere naudsynt. Påverknaden av økosystemet er derfor sett som **tilstrekkeleg vurdert** for å fatte vedtak når det gjeld områdereguleringsplanen.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar: Tiltakshavar er ansvarleg for å gjennomføre nødvendige tiltak for å unngå skade på miljøet, og for å bære kostnadene ved eventuelle miljøforringingar. Dette inkluderer kostnadar knytt til miljøovervaking, gjennomføring av tettleikskontroll og andre avbøtande tiltak som vert nødvendige for å oppfylle krav i reguleringsplanen og konsesjonsvilkåra. I tillegg ber tiltakshavar sjølv risiko for om prosjektet vert hindra i vidare utviding på trinn 1 eller 2, og såleis får eit mindre anlegg enn full utbygging tilrettelegg for. **Dei sikringstiltak og avbøtande tiltak, inkludert rekkefølgjekrav, er planlagt dekt av tiltakshavar.**

§ 12 Miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder: Med mål om å unngå eller begrense skade på naturmangfold er det lagt opp til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i gjennomføringa av tiltaket. Dette inkluderer avanserte reinseteknologiar (Best Available Technology-prinsippet), strenge krav til tettheitskontroll og trinnvis utbygging for å kunne overvåke, justere og eventuelt avgrensa tiltaket basert på kontinuerleg miljøoppfølging og nye modelleringar. I tillegg er tiltaket plassert i et område som allereie er berørt av menneskeleg aktivitet og ved ein godt eigna resipient og der lokalsamfunnet truleg vil ha størst mogleg positiv effekt. Dette sikrar at **påverknaden**

på miljøet vert minst mogleg, samstundes som det **gjev dei beste samfunnsmessige resultat**, i tråd med naturmangfoldloven § 12.

Konklusjon: Etter ei samla vurdering jf. naturmangfoldlova § 7 av kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, vurdering av samla belastning, ansvar for miljøkostnader og bruk av miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering med meir, vert det vurdert at tiltaket i Raudbergvika kan gjennomførast utan å utgjere trussel mot naturmangfaldet og verdsarverdiane. **Tiltaket er planlagt i tråd med prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8-12.**

Vurdering etter § 49:

Dei planlagde tiltaka i dagen er lokalisert på utsida av landskapsvernområdet Geiranger-Herdalen og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap der Noreg har forplikta seg til å ikkje setje i verk aktivitetar eller gjennomføre tiltak som kan påverke verdsarverdiane negativt. Kommunen skal vurdere saka etter § 49 for å ta stilling til om tiltaket, som ligg utanfor verneområdet, kan medføre skade inn i verneområdet. Hensynet til desse verneverdiane skal tilleggast vekt ved avgjersle om tillating skal gjevast eller vilkår fastsetjast.

Påverknad på landskap

Påverknad på drenering er vurdert av Norconsult og konkluderer med at vassføringa på overflata over tiltaksområdet lite eller ikkje avhengig av grunnvannstand for å oppretthaldast, og ei auka drenering vil ikkje nødvendigvis gje merkbar effekt på overflata. Likevel er det lagt inn krav om overvåking og sikring av tettleik i tunellanlegget. Vidare understreker Norconsult at drenering i tunnelar er ei kjent problemstilling der det finst teknologi og kunnskap for å løyse, og at sprekker har ein tendens til å bli mindre vassførande over tid.

Etter kommunen si vurdering inneber dette at tiltaket **ikkje vil ha negative konsekvensar for verneverdiane når det gjeld landskap innanfor verneområdet.**

Påverknad i fjorden innanfor verneområdet

Utsleppet omfattar næringsstoff som kan føre til auka eutrofiering og påverke marine økosystem negativt. Dette kan ha påverknad på vasskvaliteten og økosystema i området. Utslepp av reinsa vatn frå Raudbergvika vil skje eit godt stykke utanfor verneområdet, men det er framleis mogleg at næringsstoff vil kunne nå området innanfor vernegrensa.

Moderne reinseteknologi skal brukast for å sikre at utsleppet held seg innanfor aksepterte rammer. Teknologien vil halde fram å utvikle seg, men kommunen legg ikkje framtidig teknologiforbetringar til grunn i si vurdering. Utgreiingane viser at sjølv om reinsinga ikkje er like god som dagens teknologi tilseier vil ein framleis oppretthalde miljøstatus «god» eller betre. Gjennom miljøoppfølgingsplanen vil utsleppet og effektane av dette i tillegg følgast opp tett for å bekrefte at vurderingane ein no legg til grunn framleis gjeld.

Kunnskapsgrunnlaget tilseier at påverknaden vil vere godt innanfor fjorden si toleevne, også ved utsleppet. Verneområdet ligg lenger inne, og effektane her vil vere enda mindre. Sikringane som er lagt inn i rekkefølgeføresegner og vidare behandling i forbindelse med konsesjonsbehandling og løyve etter forureiningslova sikrar at påverknaden i fjorden innanfor verneområdet er så liten at den **ikkje har negativ effekt på verneverdiane.**

Generelt

I "Innsigelsesrundskrivet" T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet, som klargjer miljøforvaltninga sin motsegnspraksis, er det understreka nokre kriterie for om det bør fremjast motsegn. Der står det klart og tydeleg skildra kva prinsipp og kriterier som ein eventuell innsigelse skal baserast på.

Her står det: «Innsigelsesmyndigheten skal legge følgende til grunn i vurderingen:

- a) Vurdering av hvorvidt miljøverdien(e) er av nasjonal eller vesentlig regional verdi eller av andre grunner av vesentlig betydning
- b) Planforslagets konsekvens for miljøverdiene
- c) Tiltakets samfunnsmessige nytte
- d) Muligheter for alternative løsninger og avbøtende tiltak
- e) Samlet vurdering av fordeler og ulempe"

Ut frå vår vurdering så ikkje punkt c), d) og e) i saksutgreiinga godt nok belyst.

I punkt c) i rundskriv Rundskriv T-2/16 står det vidare:

«Innsigelsesmyndigheten skal gjøre en avveining mot andre samfunnsinteresser som planen fremmer før det fattes en konklusjon om å fremme eller ikke fremme en innsigelse. Det skal være en høyere terskel for å fremme innsigelse mot en plan som legger grunnlag for tiltak som vurderes å være av vesentlig samfunnsmessig verdi, enn en plan som vurderes mindre samfunnsnyttig». Samfunnsnyttien til prosjektet er åpenbart stor, mellom anna dokumentert gjennom rapport frå Menon economics og Fjord kommune sitt eige vurderingsnotat. Når ein les motsegnsbrev til Riksantikvaren og Statsforvaltaren er desse vurderingane manglande eller særst avgrensa, og tillagt særst lite eller ingen vekt stikk i strid med føringane frå klima- og miljødepartementet.

Det må også understrekast at ein ved godkjenning av denne områderegeringsplanen ikkje godkjenner og åpnar for fri utfoldelse innanfor rammene i planforslaget, men at ein opnar for at prosjektet kan gå vidare med konsesjonsbehandlninga og utsleppsløyve der dette skal avgjerast og følgast opp over tid. Saksbehandlninga og kvalitetsoppfølginga er heller ikkje slutt med tanke på utbygginga, som også skal omsøkast av tiltakshavar og godkjennast av kommunen.

Det at IUCN heller ser føre seg ei restaurering av området enn ny aktivitet er ikkje overraskande, då det er deira mandat å drive vern. Ei kommune må derimot sjå heile biletet, og har derfor ei meir utfordrande avveiging der ein skal balansere interesser for det beste for alle. Statsforvaltaren og Riksantikvaren prøvar å framstille saka som "Raudbergvika mot Verdsarven", medan saka eigetleg er "Raudbergvika og Verdsarven". Dette kan vi seie med tydeleg dokumentasjon og viser til COWI-rapporten, forureiningsvurderingar, rekkefølgeføresegner m.m. at effektane på verdsarven ikkje vil sette verdsarven til side, og at dei negative verknadane er minimale i forhold til dei positive verknadane. Verdsarvforvaltninga er også avhengig av levande lokalsamfunn.

Meklinga viste at også Statsforvaltaren og Riksantikvaren meiner det er forureiningsaspektet som utgjer hovudgrunnlaget av motsegnene som gjeld verdsarv. Til dømes kan landskapsverknader av bygningsmasse løysast i samarbeid med arkitektar. Her kvilar altså verdsarvmotsegnene også i stor grad på den tvil som er sådd om konklusjonane dei leiande fagmiljøa har kome til. Statsforvaltaren legg føre-var-prinsippet til grunn, sjølv om dokumentasjonen må seiast å vere meir enn god nok til å godkjenne rammene i denne områderegeringa og gå vidare til neste forvaltningstrinn.

Ei sak med store positive konsekvensar medfører sine kompleksitetar, men no nærmar saka seg ein konklusjon. Planforslaget er godt gjennomarbeidd og no svarer planforslaget inklusive planomtale, føresegner, utgreiingar, underrapportar, konsekvensutgreiingar og vitenskaplege oppsummeringar godt ut dei utfordringar som har blitt avdekt i planprosessen. Ut frå dokumentasjonsgrunnlaget ser ein at dei utfordringar ein har kan løysast, og at dei tap ein må ta på nokre område er langt mindre enn det som blir vunne gjennom tiltaket. Vurderinga av verknaden på verdsarven viser, som venta, at ein må kunne forvente noko negativ effekt, men den er forbausande liten i forhold til det ein står til å få gjennom å gå vidare med planane. Tiltaket er altså vurdert som sterkt tenleg, sjølv med dei negative følgene som er skildra og med det som foreløpig står att av rest-usikkerhet knytt til miljø inkl. langtidverknader.

Oppsummerte vurderingar av motsegner:

1. Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsverneområde Geiranger-Herdalen
 - a. **Kommunen si vurdering:** Raudbergvika ligg utanfor verdarvområdet, er allereie sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Forvaltninga av området og verneverdiane må vere dynamisk og ta hensyn til behovet for å kunne overleve som lokalsamfunn. Samstundes viser konsekvensutgreiing av verdsarv at konsekvensane slett ikkje er sterkt påverkande for verdsarvverdiane. Forvaltninga av verneområda er også avhengig av levande lokalsamfunn. Verdien av tiltaket er derfor så stor i forhold til dei negative sidene, og samarbeidsvilja til sektormyndigheten så lav, at ein ikkje kan

kome til semje på dette punktet.

Kommunen finn ikkje å kunne ta motsegna til følgje.

2. Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad av økosystemet
 - a. **Kommunen si vurdering:** Usikkerheit er ein del av alle prosessar og utgreiingar. Det er derimot ikkje slik at alt skal stoppe opp fordi ein har ein liten restusikkerhet. Utgreiingar og modelleringar viser at prosjektet er godt og at resipienten kan handtere dette med god tilstand. Den restusikkerheten som finnast er tilfredsstillande løyst gjennom trinnvis oppbygging, nøye oppfølging og forvaltningsprosessane knytt til løyve til fiskeoppdrett.
Kommunen finn ikkje å kunne ta motsegna til følgje.
3. Lokaliseringa av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden
 - a. **Kommunen si vurdering:** Lokalisering av anlegget er vurdert med hensyn på relevante parameter for plassering av eit slikt anlegg. At Statsforvaltaren ville lagt andre vurderingsparameter til grunn endrar ikkje kommunen si oppfatning om at alternativsvurderinga er gjort på hensiktsmessig måte.
Kommunen finn ikkje å kunne ta motsegna til følgje.
4. Massehandtering må avklarast
 - a. **Kommunen si vurdering:** Massehandtering er avklart. Det at Statsforvaltaren krev at tiltakshavar skal ha avtalar, ferdige reguleringsplanar og prosjekt klare for kvar kubikk med stein som er foreslått tatt ut no er urimeleg. Det er stor etterspørsel etter masse, og det er i planforslaget sine føresegner sett krav om godkjent lovleg mottaks- og deponeringsstad. Vurderingar frå bransjen tilseier at nødvendig aktivitet kan gjerast på tilgjengelig landareal, og det skal utarbeidast ein plan for massehandtering og logistikk når reguleringssspørsmålet er avklara. Verknader for miljø og samfunn er derfor vurdert som tilstrekkeleg avklart i denne omgang.
Kommunen finn ikkje å kunne ta motsegna til følgje.
5. Tiltaket er i konflikt med verdsarvverdiane. Verknadene for verdsarven vil bli betydelege, og det er i strid med dei internasjonale forpliktingane som ligg i verdsarvstatusen
 - a. **Kommunen si vurdering:** Sjå svar på punkt 1.
Kommunen finn ikkje å kunne ta motsegna til følgje.
6. Det er ikkje lagt til rette for ei bergfagleg forsvarleg handtering av potensielle drivverdige mineralressursar
 - a. **Kommunen si vurdering:** Kommunen vurderer reguleringsplanforslaget som forsvarleg. Intensjonen med planforslaget er ikkje å drive massetak eller gruvedrift, men klargjering for næringsføremål. I den anledning legg planen opp til eit fornuftig regime for plassering av fjellhallar, handtering av massar og krav knytt til oppfølging av dette. Forsøk på å kome fram til ei løysing der vi kunne styrke krava i reguleringsplanen i samråd med DMF har vore fruktbare, men ein har ikkje kome heilt i mål.
Kommunen finn ikkje å fullstendig ta denne motsegna til følgje.

Konklusjon

Basert på ovanståande vurdering vedtek Fjord kommune planforslaget og ber Statsforvaltar sende dette til Departementet for endeleg godkjenning.

Bjørn Inge Ruset
kommunedirektør

